



Hordaland fylkeskommune
Fylkesordfører

Etne, 28.02.2018

Til Hordaland fylkeskommune ved fylkesordfører

Styret i tidlegare Etne kulturhus AS og Etne kulturhus SA (nå Skakke SA) har sidan Hordaland fylkeskommune vedtok å leggja ned Etne vidaregåande skule, arbeidd for å finna løysingar for å sikra vidare drift.

Styreleiar har hatt dialog med eigedomsdirektør Jostein Fjærestad. Styret har motteke brev datert 22.02.2018 som gjeld sameigevedtektene. Brevet syner at fylkeskommunen og Skakke SA har ulike tolkingar av vedtektene i sameigeavtalen. Skakke SA vil halda fram dialogen med fylkeskommunen for å søka løysingar og vil kalla inn til eit tidlegare varsla sameigemøte.

Skakkesenteret blei realisert gjennom samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Etne kommune og lag og organisasjonar. Tre bankar gjekk saman for å låna pengar til prosjektet. Når fylkeskommunen nå har trekt seg ut av sameiget, sit Skakke SA igjen med om lag ein million i tapte leigeinntekter årleg og eit budsjett som me ikkje lenger får til å gå i balanse. Me ser ikkje per i dag korleis Skakke SA skal kunna kompensera det ein mister av inntekter knytt til nedlegginga av den vidaregåande skulen.

Det ville vera eit gode for Etne kommune å overta Hordaland fylkeskommune sin seksjon i Skakkesenteret. Me unner samarbeidspartnaren vår Etne kommune alt vel. utfordringa til Skakke SA er at me sit igjen med svarteper og utan nokon kompensasjon. Hordaland fylkeskommune kompenserer Etne kommune for eit tap som det er Skakke SA som har lidd. Skakke SA har ei gjeld på over 40 millionar kroner som me så langt ikkje ser korleis me skal kunna handtera. Me har bede Etne kommune om hjelp og er i dialog med dei, men ser så langt ikkje ei løysing som kan sikra framtidig drift av Skakkesenteret.

Styret i Skakke SA ynskjer å belysa denne saka frå vår ståstad og spørja korleis fylket ser på konsekvensane av nedlegginga av skulen for Skakkesenteret og Etne. Å mista Skakkesenteret vil vera å mista sjølv hjarta i kulturkommunen Etne. Det er frivillige lag og organisasjonar, som eig om lag 2/3 av Skakke SA, som nå må bera dette tapet.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål.

Vennleg helsing styret i Skakke SA

Ståle Tungesvik.

ved styreleiar Ståle Tungesvik